



Gørill Samland Eik var einaste spelar frå Uskedalen denne gongen, men ho kom på scoringslista

- Rosendal/Trio sette i dag Flaktvedt til veggs med 5-1 i fjerdedivisjonkampen på heimebane og utifrå dei som scora kan det seiast at heile kommunen scora i Rosendal denne gongen, seier Arvid Nes til uskedalen.no. Med denne sigeren har det sterke damelaget vunne 3 og tapt ein kamp og tapskampen

mot Os med 3-0 er det grunn til å tru at kvinnheringane hadde vunne hvis dei ikkje hadde vore så reservespekka.



[Heimekeparen slapp inn berre ein ball dnne gongen.](#)

Måla vart i dag scora av Mari Klette Leganger, Gørill Samland Eik, Helga Grønstøl, Sunniva Solfjell og og Trude Havnerås. Gørill var den einaste frå Uskedalen på laget denne gongen. Kari Bråtun ville sikkert ha vore med om ho ikkje hadde vore skada og Ingebjørg Haugland er ein sjølvsgagt brikke men ho går på skule i Oslo og spelar for Lyn. Leiinga i laget vonar at ho kjem attende frå neste sesong.

Før denne hausten har laget vunne over Smørås og Tertnes. Dagens kamp var ikkje av dei beste, men det var ingen tvil om kvem som hadde taket på spelet. 19. oktober kjem turen til Solid/Trott 2 og så spør det om det vert ein ny siger.

I dagens kamp var det ellers ein spesiell debut - Svein Ove Bråtun debuterte som lagleiar!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Sterkt lag med spelarar frå nesten heile kommunen